



Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As
Fotlandsvegen 39
5282 LONEVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2851 - 23/24017

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
01.11.2023

Gbnr 110/1, 110/56, 110/64, 110/75, 110/76, 110/82, 110/84, 110/85, 110/86, 110/96 - Søknad om etablering av VA-anlegg og legging av stikkleidningar - Vedtak

Administrativt vedtak. Saknr: 312/23

Tiltakshavar: Raknes Vassbyggjarlag
Ansvarleg søkjar: Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As
Tiltak: Etablering av VA-anlegg
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-2 og 20-3.

Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak for etablering av nytt VA-anlegg, omlegging av vassleidningar, legging av avlaupsleidning for tilkopling til gnr. 110 bnr. 64, 75, 76 og 85, legging av stikkleidning til gnr. 110 bnr. 67, 56 og 82, med leidningar på gnr. 110 bnr. 1, 83, 86 og 96, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan og teikningar motteke 06.10.2023 med heimel i plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3.
2. Gnr. 110 bnr. 64, 75, 76 og 85 skal knyttast til kommunale avlaupsleidningar i samsvar med løyve til påkopling datert 11.10.2023, 11.10.2023, 11.10.2023 og 11.10.2023, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.

Seinast ved søknad om ferdigattest, eventuelt ved søknad om mellombels bruksløyve, skal det sendast inn dokumentasjon for:

3. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentleg VA anlegg.
4. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen."

Tiltak

Det er opplyst i søknaden at det skal leggest vass- og avlaupsleidningar på gnr. 110 bnr. 1, 56, 64, 75, 76, 82, 84, 85, 86 og 96.

Saka gjeld søknad om etablering av nytt VA-anlegg, omlegging av vassleidningar, legging av avlaupsleidning for tilkopling til gnr. 110 bnr. 64, 75, 76 og 85 og legging av stikkeleidning til gnr. 110 bnr. 67, 56 og 82.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.10.2023 og supplert 20.10.2023.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 20.10.2023 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomane ligg i uregulerte områder innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område og fritidsbustad-område.


Dispensasjon

Kommunen har i vedtak av 24.01.2029 saknr. 026/19 gjeve generell dispensasjon for graving av stikkeleidningar frå privathus innanfor 200 meter frå heile va-anlegg Hosanger-Hamre. Tiltaket ligg innanfor dette området.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 29.09.2023.

Utsnitt frå motteken situasjonsplan:



Vatn og avlaup (VA)

Eigedomen skal vere sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentlege vass- og avlaupsleidningar.

Kommunen har godkjent søknad om sanitærabonnement på gnr. 110 bnr. 64 i vedtak av 11.10.2023.

Kommunen har godkjent søknad om sanitærabonnement på gnr. 110 bnr. 75 i vedtak av 11.10.2023.

Kommunen har godkjent søknad om sanitærabonnement på gnr. 110 bnr. 76 i vedtak av 11.10.2023.

Kommunen har godkjent søknad om sanitærabonnement på gnr. 110 bnr. 85 i vedtak av 11.10.2023.

Terrenghandsaming

Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Deler av området ligg i kommuneplanen sin arealdel innanfor omsynssone H329 for flaum.

Ansvarleg søker skriv at nye VA-leidningar er planlagt å liggje på frostfri djupne med overdekking på 1,20 m, og at topplaget vert etablert med myrjord. Dette vil beskytte VA-leidningane mot utvasking ved ein normal flaum. Pumpestasjonen vert sikra med forankring for å unngå oppdrift ved høg vasstand og eventuell flaum.

Kommunen legg motteken utgreiing til grunn for handsaminga og vurderer at det ikkje er krav om ytterlegare sikringstiltak i denne saka.

Plassering

Kommunen legg mottekne erklæringar til grunn for handsaminga.

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland/Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at søknaden er fullstendig, og sidan det ikkje er søkt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilkår, jf. plan- og bygningslova § 21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev løyve til etablering av nytt VA-anlegg, omlegging av vassleidningar, legging av avlaupsleidning for tilkopling til gnr. 110 bnr. 64, 75, 76 og 85, legging av stikkleidning til gnr. 110 bnr. 67, 56 og 82, med leidningar på gnr. 110 bnr. 1, 83, 86 og 96.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

Til orientering

Kopi av dette vedtaket, og andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/2851.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum kr.
10.2.5	Tiltak: Etablering av VA-anlegg og legging av leidningar		10.800,-
	Totalt gebyr å betala		10.800,-

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					10.800,-

Ansvarleg søker vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alfred Bernes	Raknesvegen 856	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Arne Fortun	Furukollen 8	5165	LAKSEVÅG
Frode Mjelstad	Flaktveitvegen 452	5134	FLAKTVEIT
Karin Helland	Sætervegen 12	5236	RÅDAL
Merethe Mjelstad	Raknesvegen 856	5281	VALESTRANDSFOSSEN
Nina Kristin Andersen	Skoggata 3c	3189	HORTEN
Per Magne Villanger	Liabrekka 38	5600	NORHEIMSUND
Ragnhild Tufta	Flaktveitvegen 452	5134	FLAKTVEIT
Rune De Lange	Solhola 42	5300	KLEPPESTØ
Sigurd Monsen	Bråtet 280	5154	BØNES
Yngve Vatle	Selvikveien 89	5106	ØVRE ERVIK

Mottakarar:

Mjelstad Og Stokke	Fotlandsvegen 39	5282	LONEVÅG
Rørleggerforretning As			

Mottakarar:

Raknes Vassbyggjarlag

Raknes Nedre

5281

VALESTRANDSFOSSEN